Interessant og innhaldsrikt sommarnummer av Uskedalsposten. 18.06.2015



Sommar 2015
USKEDALSPOSTEN
Side 4

HYTTEBOKA som fortel kulturhistorie

Av Ola Matti Mathisen

Pål Haugland med ein spritlakk klemsbunt som han fremhaldar som ein skatt. Hytteboka frå Mannsbu

HYTTA står det berre på den brune boka som Pål Haugland presenterar for Uskedalsposten. Og den knappe tittelen er eigentleg tilstrekkjeleg, for denne boka fortel det meste som har skjedd på ei hytte gjennom ein lang tidsbolk – frå 1939 til 1963. Det er ikkje noko vanleg hyttebok med nøktern skildring av ver og vind, det er ei kulturhistorisk krønike!

Sommar 2015
USKEDALSPOSTEN
Side 5

Dei 4 nøkkel personane foran hytta Mannsbu. Frå venstre Ragnvald Vaage, Konrad Lunde, Lars Haugland og Knut Markus

Over: Hytteboka var ei gåve til familien.

Over til venstre: Ingeniørende rypefangst ca. 1950.

Venstre: Hytta Mannsbu under byggjing i 1939. Mark er der ikkje er noko vegetasjon rundt hytta.

Mykje interessant stoff å henta i hytteboka Pål Haugland har framfor seg.

Uskedalsposten er no inne i årgang 11, og i dag vart sommarnummeret av det populære lokalbladet vart lagt ut for salg. Også denne gongen er det svært mykje godt lesstoff fordelt på dei 44 sidene bladet inneheld. Det er Hobbyklubben i Bedehuset som i alle år har stått for utgjevinga av Uskedalsposten.

Som alltid finn vi mykje interessant og godt kulturhistorisk stoff. Faste skribentar som Ola Matti Mathisen og Kristian Olav Bringedal er garantistar for det. Denne gongen presenterer dei svært interessant stoff frå hytta Mannsbu ved Mannsvatnet basert på hytteboka i perioden frå hytta vart bygd i 1939 til 1963. Vi kan lesa om Audun Eik og Kåre K. Rød sine opplevingar på Statsraad Lehmkuhl og om uskedelingane si utvandring til Amerika.

Nelly Kjærland bidreg med ein flott biletreportasje frå fjellturar ho har hatt saman med Tordis Myklebust, denne usedvanleg spreke dama som utruleg nok nærmar seg 80 år. Eit flott bidrag!

Andaktsordet denne gongen er skrive av det nye kyrkjeverjet vårt, Erlingur Nielson. Skulle nokon ha gått glipp av årets 17-mai tale, finn dei heile talen i bladet. Den vil nok fleire av dei høyrde den, også ha glede av å lesa i ro og mak.

Trass i alt det gode lesestoffet som her er nemnt, vil eg trekkja fram dei to unge journalistane i redaksjonen, Vidar Eidsvik og Sander Øye. Dei har levert to velskrivne og gode intervju, - eit med Inger Lise Eidsvik og eit med Bente Nilsen. I tillegg har dei hatt ansvaret for Ti på gata som denne gongen naturleg nok innheld sommarspørsmål. Flott levert, gutar! Hald fram med skrivinga. Samla sett utfyller også dette det andre stoffet godt, og det gjer bladet interessant for endå fleire.

flott biletreportasje der spreke Tordis er hovudpersonen.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.